

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A20, FA-A10	19/374

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2020	Formannskapet	PS	10.06.2020
033/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

### Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2019/20

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Kvalitetsmelding 2019-20

##### Dato

04.06.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2019-20 og tek meldinga til orientering.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Masfjorden kommune var med på KS-satsinga «Den gode barnehage- og skuleeigar». Satsinga gjekk over 2 år og vart avslutta med ei samling våren 2019. Vårt utviklingsområde var å laga ei kvalitetsmelding som skal innehalda vesentleg informasjon om kvaliteten i barnehage og skule.

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i

opplæringa. Rapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftst av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10).

Tilsvarande krav finst ikkje for barnehage, men me har som mål at barnehageeigar skal få eit betre oversyn over korleis ein arbeider i barnehagen.

##### Uttale

Rektorar og styrarar har hatt høve til å uttale på slutten av prosessen. På grunn av Covid-19 har det ikkje vore møter i SU og FAU i oppvekstområda. Meldinga vert difor send som orientering til FAU og

SU denne gongen.

## **Fakta**

Tala som gjeld skule er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Elevane sitt syn på læringsmiljøet kjem fram i elevundersøkelsen. Tala for fråfall i vidaregåande skule er henta frå statistikk som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd. På barnehageområdet finst det mykje mindre statistikk enn på skulefeltet. Difor har me sjølve måtta bestemma oss for kva opplysningar me vil ha med. Noko statistikk finst i årsmeldinga som blir levert til Fylkesmannen 15. desember kvart år og som er grunnlaget for dei opplysningane me finn i barnehagefakta.no

## **Vurdering**

Rådmannen har vurdert at ein beheld forma på meldinga slik den vart laga når ein var i prosjektet. Det har vore ei arbeidsgruppe samansett av ein rektor, ein styrar i barnehage og oppvekstleiar som har utarbeidd meldinga.

## **Konklusjon**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2018-19 og tek meldinga til orientering.**

## **Formannskapet - 061/2020**

### **FS - behandling:**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.  
Saka vart drøfta.  
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2019-20 og tek meldinga til orientering.**

## **Kommunestyret - 033/2020**

### **KS - behandling:**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål. Oppvekstleiar orientere og om ny læreplan.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2019-20 og tek meldinga til orientering.**